



Mittegetlokale Vestland AS
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7423 - 21/56569

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
27.08.2021

Adressetildeling Torvhusmyrane 33A-C

Administrativt vedtak: Saknr: 893/21

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adressesetildeling:

Gnr	Bnr	Brukseining	Vegnavn	Tildelt husnr
212	150	H0101 (bygg 1)	Torvhusmyrane	33A
212	150	H0101 (bygg 2)	Torvhusmyrane	33B
212	150	H0101 (framt. bygg 3)	Torvhusmyrane	33C

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

Saka gjeld


Det er godkjent bygging av 2 lagerbygg på eigedommen 212/150. Det er planlagt eit 3. tilsvarande bygg på denne eigedommen, som også vert tildelt adresse i same vedtak.

Vurdering

Det er sett av eit husnummer til kvar tomt her, og det vert difor nytta bokstav A-C i tillegg til husnummeret.

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressesetildeling og adresse vert difor tildelt. Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Torvhusvegen.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme) og i nokre tilfeller også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.

Husnummer må vere på plass før husa vert teke i bruk.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «21/7423»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mittegetlokale Vestland AS

Sandviksbodene 5

5035

BERGEN